

22.12.2015

Retningsliner for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland

Ark. saksnr.	Løpenr.
14/6697	
Sakst.	Tilgangskode
Vedlegg 2.1	

Søknad om løyve til graving i offentlig veg

Etter vedteltene i Veglova §§ 32 og 57 og forskrifter om varsling av arbeid på offentlig veg vert det hermed søkt om løyve til:

- Legging Utskifting Reparasjon Luftspenn

Veg nr.: _____ Hp.: _____ Km: _____

Arbeidsstad: KVALVÄGNESVEGEN 994 5956 Hundvåg

Arbeida gjeld:

- Vassleidning Telekabel Avløpsleidning Anna: ETTERPOLEIRINGSGRØFT
 El-kabel Gassleidning TV-kabel

Noverande dekket:

- Asfalt Brostein Grus Anna: _____

Frå eigedom Gnr.: 85 bnr.: 24 slik det er vist på vedlagde kart / skisse i målestokk 1: 1000Arbeidsskildring: VEDLEGG FRA HJELMÅS VVS.Arbeidet er ønska oppstarta: VÅR 2016 og venta avslutta: VÅR 2016Talet på kryssingar: 1 stk. Boring: ja, ved km: _____ nei

Lengde på luftspenn/grøft langs veg: _____ m frå km: _____ til km: _____

Som eigar av og oppdragsgjever/byggherre for anlegget tek eg på meg det ansvaret som "Retningsliner for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" pålegg meg og garanterer for ferdigstilling av anlegget utan kostnad for veghalder. Eg godtek dei villkår for løyvet som går fram av nemnde retningsliner.

Oppdragsgjever/byggherre: ANN SOFIE BJØRNAdresse: SØRFJÄLV. 78 5018 STAVANGERKontaktperson hos oppdragsgjever/byggherre: OLA ARNE BJØRN Tlf.: 90671883Dato: 15/12-15 Underskrift: An Sofie Bjørne Ola Bjørn

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravestaden. Det er sett kryss for dei type aulegg som finst på staden:

- El-kabel Vassleidning Signalkabel Kulturminne
 Telekabel Avløpsleidning Polygonpunkt Gass
 TV-kabel Gassleidning Grøntanlegg Anna: INGEN

Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt. (kryss av)

Arbeida skal utførast etter "Retningsliner for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" og etter tilvisning av vedrorte parter. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentlig veg medfører etter nemnde retningsliner. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil ligga føre for arbeidet vert sett i gang. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følgje retningslinene pkt. 1.6 og 1.7 ja nei (kryss av)

Entreprenør: ODD HAUGEN MASKINSTASJON ASAdresse: TROLLÅSEN 5953 AUSTREHEIMKontaktperson hos entreprenør: ODD HAUGENDato: 24/12-15 Underskrift: Odd Haugen Tlf.: 90848298 Spesielle vilkår, evt sjå baksida: Graveløyve gitt Graveløyve avslått

den _____ / _____ 20____

Kommune / Eining

Underskrift

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen



Retningslinjer for graving i offentlig veg - NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland

Spesielle vilkår, forts. :

Føresetnader for arbeid i offentleg veg

Det er vedtatt eigne "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013". Desse gjeld for alt arbeid i eller ved offentleg veg. Entreprenør/byggherre kan få reglane ved å vende seg til den einskilde kommunen.

Ansvarshavende entreprenør

Det skal alltid vere ein ansvarshavande entreprenør (eventuelt offentleg teknisk etat) for graving i offentleg veg.

Den som skal vere ansvarshavande entreprenør for eit anlegg i eller ved offentleg veg skal ha dei nemte retningsliner og full kjennskap til desse. Ved underskrift på søknadsskjema skal entreprenør forplikte seg til å følgje reglane og ta på seg det ansvaret som følger med.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen på den staden der det skal gravast. Entreprenøren må ha full oversikt over tilhøva sjølv om andre har gjort undersøkingar. Avkryssing på søknadsskjema skal gjelde som forpliktande erklæring om at tilstrekkelig undersøking er gjort. Manglande avkryssing kan føre til avvist søknad.

Eigenkontroll skal utførast og skjema «*Entreprenøren sin eigenkontroll ved arbeid i offentleg veg*» skal sendast til den einskilde kommunen, jf. "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013." Garantitid gjeld tre år frå dato for ferdigsynfaring. Entreprenøren / byggherre er ansvarleg for ferdigstilling.

Ansvarshavande eigar (byggherre)

Søknad om graveøyve skal alltid underskrivast av eigaren av det aktuelle anlegg (byggherre). Ved si underskrift skal eigaren (byggherren)

- ta på seg ansvaret for det ferdige anlegg, og for hendingar og skader som anlegget måtte medføre på vegen og tredjemann
- vere garantist for at entreprenøren sine plikter etter reglane blir oppfylt

Føresetnader for å ha liggande leidnings- og kabelanlegg i offentleg veg- og gategrunn
Løyvet frå kommunen er gitt mellombels. Leidnings- og kableigar er plikta til, for eiga rekning, å foreta dei nødvendige endringar med leidnings- eller kabelanlegget – eventuelt fjerne det – dersom kommunen seinare måtte finne det nødvendig.

Risiko og ansvar

Mulig ulempa for leidnings- eller kabelanlegget ved kommunen sitt vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetningsarbeid er ikkje kommunen sitt ansvar. Kommunen har heller ikkje ansvar for skader/ulemper på leidnings- eller kabelanlegg som følge av trafikkbelastning på vegen

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen

